



KYRKJETILADET

ORGAN FOR KYRKJELYDANE I HYLLESTAD

Nr 1

2019

70. årgang

Min Salme

«Eg har ei teneste stor for Gud»

Matias Orheim

Eg har ei teneste stor for Gud frå dag til dag i det stille,
der kvardagskleda vert høgtidsskrud og livsens småting så gilde.
Ja, skal eg eingong det store få, eg må med truskap i alt det små
i Jesu fotefar lydig gå og vilje det Jesus ville.

Når eg spør meg kvar arbeidsdag: Kva ville vel Jesus gjere?
Så gjev han livsmod og arbeislåg, so livet provar mi lære.
Om av og til det vert kvardagsgrått, så det i striden går tungt og trått,
Med bøn og bibel vert allting godt; for Jesus vil krafta vere.

I alt Guds vilje er underfull, han har til Ordet seg bunde,
Der perlesteinar og sylv og gull til livsens byggverk vert funne.
Og når det eingong for alvor gjeld, og livet prøvast skal gjennom eld,
Guds eige byggverk si prøve held. Av småting vert storverk vunne.

Så er mi teneste stor for Gud, og heimen han er mi kyrkje,
Der arbeidstrøya er presteskrud i alt mitt ærlege yrke.
Så er det heime i stova fred, til alt mitt arbeid stig englar ned,
Dei har Guds rike velsigning med, som dagen så er min styrke

Kvardag:

Vi har flest kvardagar, fylte med ulike oppgåver:
Arbeid, fritid, familie, vener – litt ulikt kva livs-
fase vi er i. Nokre gonger kjennest kvardagen
som eit ork, fylt med altfor mange oppgåver.
Andre tider får vi dei pusteromma vi treng,
med tid til refleksjon og kvile, vener og familie.
Innimellom stoggar ein opp og undrar seg: Kor
er Gud i alt dette? Er Han med i dei grå kvarda-
gane, -korleis kjenner eg på det? Eller når alt går
på skinner?

Arbeidsliv:

I tidlegare tider fekk ein jobb i ung alder, -og
blei trufast der arbeidsdagen/livet ut. I dag er
tidene meir skiftande, ein skal helst skifte jobb
etter 3-5 år. -Og når arbeidslivet er slutt, så er
dagens pensjonistar både yngre og sprekare enn
før. Korleis er det med tenesta for Gud, endrar
den seg?

Teneste for Gud:

Orheim skriv i salmen; Eg ha ei teneste stor for
Gud, frå dag til dag i det stille....
Ja, nettopp! Ikkje noko krav om kva slags arbeid
ein har, kva livsfase ein er i, eller korleis helsa
er. Tenesta for Gud er for oss alle! Ulik om ti-
dene skifter, om det går tungt og trått, eller om
vi seglar høgt på ein bølgetopp – Jesus vil vere
krafta vår! Guds vilje er underfull, -det ser vi ofte
når vi ser livet i perspektiv, bakover. Det grå kan
bli til perlesteinar! Når vi no går inn i ei ny veke,
kan vi ta på arbeidstrøya, uansett farge og form,
og vite at vi har ei teneste for Gud, både i arbeid
og i fritid. I møte med andre menneske kan vi
utøve denne tenesta for Gud, -og bli rikeleg vel-
signa!

Ingunn Sognnes



Maria Magdalena - Jesu virke

12. april kl. 19.00

i Hyllestad kyrkje

SoFt Sogn og Fjordane teater

TID FOR TRU: Til glede! Trusopplæring for vaksne i kyrkjelyden

Det har alt gått 3 år sidan vi hadde Tid-for- tru kveldar i Hyllestad kyrkje. I samband med visitasjonen snakka vi om at vi prøver igjen til våren. Det var det ønskje om!

Biskop Halvor Nordhaug har ved fleire høve oppmoda kyrkjelydane om å tilby slike undervisningsopplegg. Borna har jo sine!

Seks torsdagar frå mars til mai vil vi no samlast, og opplegget er i regi av Hyllestad sokneråd, og utarbeidd av tidlegare prest i Bergen (og fotballspelar i Brann!) Bjørn K. Nygaard. Kurset høver både for dei som ofte er med i kyrkjelyden, men også, og ikkje minst, dei som sjeldan eller aldri er med i ein slik samanheng.

Denne gongen skal vi bli litt meir kjente med eit av breva i Bibelen; Filipparbrevet, som Paulus skreiv medan han sat i fangenskap. Like fullt vert dette brevet kalla gledesbrevet! Det seier oss noko om at det finst ei glede midt i det som kan vere vanskeleg og utfordrande.

Kurskvelden tek til med eit godt måltid mat, så litt sang og enkel opningsliturgi før undervisning og samtale. Til slutt ei kort oppsummering i plenum.

Prest Audun vil ta ansvar for undervisningsdelen, eventuelt saman med fleire. Andre i kyrkjelyden

vil vere med som gruppeleiarar og ta praktisk ansvar elles.



Ikonet «Treeininga» av Andrej Rubljov er nytta av biskop Halvor i lag med visjonen for Bjørgvin bispedømme: Saman vil vi ære Den treeinige Gud - ved å forkynne Kristus, bygge kyrkje-lydar og fremje rettferd.

TID FOR TRU

Innhald og datoar for samlingane:

Tid: Torsdagar frå kl.19.30-21.45

Stad: Hyllestad kyrkje

Datoar:

21.mars: Innføring i kurset og om grunnlegginga av kyrkjelyden i Filippi – *Ap.gj.16*

28.mars: «Det handlar om å leve» *Fil.1,1-26*

11.april: «Som stjerner på nattehimmelen. Kristi sinnelag» *Fil. 1,27-2,30*

25.april: «Om å vere undervegs» *Fil 3,1-21*

9.mai: «Ver ikkje urolege» *Fil 4,1-23*

23.mai: Kveldsgudsteneste/
meditasjongudsteneste

Informasjon:

Kontakt kyrkjekontoret 57788565 el.. 971 55 237
(Audun)

Påmelding:

På grunn av matservering ønskjer ein helst å få Påmelding. Like fullt er det mogeleg å vere med om ein ikkje kan møte kvar gong.

Frist: 15.mars 2019

Nytt digitalt orgel i Hyllestad kyrkje

I byrjinga av oktober vart det nye kyrkjeorgelet i Hyllestad kyrkje montert. Eit JOHANNUS ECCLESIA D 450 med 54 stemmer + 14 orkesterstemmer, 3 manualar og 12 UL 2700 fulltone høgtalarar + 2 spesialbygde trykkammer basshøgtalarar. Johannus er Europas leiande produsent av digitale kyrkjeorgel. Eit digitalt orgel som dette, har kome veldig langt i å vera på høgde med eit pipeorgel i lyd kvalitet, men til knapt 10% av kostnaden.



Johannus digitale orgel reproducerer orgellyd frå dei beste pipe-orgela i Nord-Europa. Orgelet er spesialtilpassa (intonert for) kyrkjerommet i Hyllestad.

Orgelet har 3 manualar med tangentar i Ibenholt og overtangentar av eik. Val av tangentar vart nøye drøfta med leverandør, avdi materialet i tangentane har svært mykje å seia for korleis instrumentet er å spela på. Ein har difor nytta det absolutt beste alternativet, noko organist Erling Akse er særst takksam for.

Ei stor takk til flinke og arbeidsglade karar med godt humør, som

under leiing av Jostein Ryland, gjorde ein formidabel dugnadsinnsats med å demontere det gamle orgelet og gjere klart for montering av det nye. Mykje godt arbeid og kreative løysingar for å få det 350 kg tunge orgelet trygt opp på galleriet. I samband med dette arbeidet vart alle benkene som var att oppe på galleriet, tekne bort og erstatta med stolar. Gallerigolvet har fått teppeflis, slik at det ikkje skal vera so mykje støy frå føter som trippar og skrapar på golvet der oppe. Benkene har endåtil fått eit nytt liv på galleriet i Bø kyrkje, noko som verkeleg var velkome. Dei høver særst godt der, i staden for dei gamle lause benkene utan rygg.

Tysdag 27.nov. var det kulturkveld, i samband med visitasen, med innviing av det nye orgelet. Organist i Førde, Asbjørn Flåm, som har vore vår rådgjevar i samband med orgelkjøpet, spela nokre orgelverk for å syna breidda og kvaliteten i orgelet. Han har og rettleia Erling Akse i bruk av instrumentet. Det er sjølvsagt mykje nytt og

ukjent med eit instrument, der alt eigentleg er ei stor datamaskin. Ekstra kjekt å registrera at ein speleglad Erling, prøver seg fram med stadig nye kombinasjonar og får henta ut god lyd



og vakre tonar.

Det var på høg tid at det kom inn eit nytt orgel i Hyllestad. Det gamle var slite, med tangentar som minna meir om vedskier enn tangentar. I tillegg var det meir usikkert frå dag til dag om det virka eller ikkje.

Det nye orgelet er enno ikkje fullfinansiert, men folk i Hyllestad har tidlegare synt at dei er flinke til å vera med på spleiselag. Vi såg det då det vart kjøpt flygel til Hyllestad kyrkje. So difor nemner ein, at det denne gongen og, er høve til å gje ei gåve, slik at ein får fullfinansiert investeringa. ***Ein kan nytta kto.: 3837.15.51619 og merka gáva med «Orgel Hyllestad». Om ein samstundes legg inn f.nr., vil gáver over kr.500,- kunna registrere for skattefrádrag.***



TANKAR ETTER EIN VISITAS OG EIT KYRKJEJUBILEUM

Sidan mykje av hausten, heilt til 1.søndag i advent, var merka av bispevisitas og kyrkjejubileum, er det og naturleg at dette første nummeret av kyrkjelydsblad etterpå er prega av det. Difor trykkjer vi både biskop *Halvor Nordhaug* sitt visitasforedrag, som vart halde i Øn kyrkje 2.des., og **referatet** som kyrkjefagsjef **Tore Skjæveland**, har sendt oss i ettertid.

Visitasen starta med lunsj med staben i Hyllestad kyrkje. Her fekk biskopen høyre om både glede og utfordringar. Fint å høyre at alle gav uttrykk for å trivast i arbeidet! Biskopen sjølv synst det var flott å komme til kyrkja, som han hadde snakka så mykje om utan å vere der!

Å møte dei unge frå 8.-10.klasse ved spørjetimen på Hyllestad skule, var ei fin oppleving. Gode spørsmål hadde dei laga, og biskopen gav gode svar. Han fekk fram, alt frå si fotballinteresse, til kva trua hadde hatt å seie for han. Han var og ærleg på at det var utfordringar i hans eiga skuletid, det kunne finnast mobbing den gongen og.



Torsdag var det samling i kyrkja med barnehaugen; ei sær fin samling der Toril fekk god kontakt med borna. Ho snakka om advent og jul, biskopen viste bispekappa og fekk god dialog med borna! Forunderleg at det kan vere så roleg med så mange små!





På skulegudstenesta same dag, var tema venskap, med tale av prest Audun og alle klassane frå 1.-7 kl. var der. Der var også fin dialog mellom biskopen og elevane.



Møtet med lærarane på skulen same dag, samla ein fin flokk. Spørsmåla var mange, og lærarane gav uttrykk for ei god tilnærming, hos biskopen, til utfordringane ein har i vår tid. Når dette bla-



det vert lese, er ein i gang med eit årshjul for avtalt samarbeid skule-kyrkje.

Møtet med kommunen var i form av eit samråingsmøtet i kommunestyresalen tysdag, Der vart det sett ord på utfordringane ein har, då kommunen har lite økonomisk armslag, og løyvingane til kyrkje vert på eit minimumsnivå. Møtet bar like fullt preg av velvilje, og ordførar Morten

Askvik, fylgde opp ved kyrkjejubileet i Bø med ei fin helsing om kyrkja si betydning for lokalsamfunnet. Han deltok og sjølv i visitasgudstenesta i Øn kyrkje. Konklusjonen i møtet var ein bør sjå på kreative løysingar for bruken av dei bygga ein har, sjølv om utfordringane vil vere der.


Kulturkvelden tysdag, hadde soknerådsleiar Jostein ansvar for. Det vart ein god kveld med variert innhald. Den nystarta songgruppa «Moreld», kan vi merke oss. Dei er åtte stykke, har fleire som syng solo, og har fine arrangement i dei dei framfører. At dei og no har sunge på fleire gudstenester, gler vi oss over. Kvelden tok til med «God will make a way, when there seems to be no way» - Gud vil finne ein veg, der det synest å ikkje vere nokon veg- Elles var det fine innslag med Emma Eimind Thorsnes, på piano («Awakening», Elisabeth Sowerby Dale med solosong m.a. Erik Bye: «Dagen i dag kan bli din beste dag». Asbjørn Flåm spela nokre religiøse folketonar på det nye orgelet og Erling Akse spela til allsongane. Karine Strandos og Veslemøy Ryland framførte «Say the word». Det var gjevande å høyre på vår eigen lyrikar og forfattar, Kjartan Hatløy, som las dikt inspirert frå egyptisk visdom. Kåseriet til Håkon Haukøy; «stubbar frå ungdomstida», var fengande å høyre på, og høvde svært godt inn på ein kulturkveld.

Ved jubileumsgudstenesta i Bø kyrkje torsdag kveld, fortalde Håkon Haukøy litt om historia for 150-års jubilanten. Han gjorde det på ein framifrå måte, både med skjemt og alvor! Velfortente blo-



mar vanka det, som og var ei takk for arbeidet i jubileumsmemnda. Mari Dale Salbu representerte ungdommen i gudstenesta med ei fin helsing. Kjekt at «Balsam» stilte opp med song i gudstenesta og på kyrjekaffien. Helsingar frå tidlegare prestar, Odd Sverre Hove, (opplese av soknepresten), og Karl Hjelmeland, som deltok ved gudstenesta. Det gjorde og Ole Agnar Helland, som var prest her fram til sommaren 2015, og noverande kyrkjelydspedagog Toril Lange . Prost Reidar Knapstad, var og med og deltok ved

gudstenesta. Biskopen tala over teksten i Luk.4, om då Jesus stod fram i synagogen i Nasaret med si programerklæring. Erling Akse og Roy Harald Brendsdal ramma inn gudstenesta med fin musikk. Aslak Åm Sognnes, klokkar og kyrkjeseekretær sa litt om utbetringsarbeidet som har vore utført i kyrkja i det siste. Soknerådet, ved Reidun



Skår, sytte for framifrå servering , også med jubileumskake , som avslutta ein fin kveld. Sjølv hovudarbeidsøkta ved ein visitas, er samrådsmøte med sokneråd, utval og tilsette. Dette var lagt til onsdag kveld i Hyllestad kyrkje, og ein viser til det innhaldsrike referatet, som gjev innblikk i kva som vart diskutert av saker der, og biskopen si vurdering. Sjølv visitasmeldinga, som vart lagt til grunn for heile visitasen, er i lengste laget til å trykke her, men den ligg på heimesida til Hyllestad kyrkje. Biskopen gav ros for meldinga, der kyrkjeverje Irene Fløde, som berre har ei 25% stilling hos oss, gav eit oversiktleg bilete av stoda med kyrkje og kyrkjegardar, og elles det praktiske. Soknepresten hadde ført meldinga i pennen elles, med gode hjelp av soknerådsleiar Jostein.

Kjekt å lese at statistikken ikkje viser nedgang, men heller ein liten auke dei siste år. Like fullt er det viktig å ha fokus på at enno fleire må aktivt bli dregne med i arbeidet i kyrkjelyden, og kjenne at dei høyrer til der.

Møtet med flyktningetenesta i Leirvik tidlegare på dagen, var ei av dei mange fine opplevingane på visitasen. Det var tydleg at besøket vart sett pris på, og etter undervisningsøkta ville fleire ta bilde saman med biskopen. Biskopen med følge møtte først leiinga, som kom med to ønskje til soknerådet: kan de hjelpe oss med folk som kan skyssje til ulike arrangement, og kan nokon komme og vere leksehjelp med dei som treng det? Dette vert det no arbeidd med!

Sjølvsagt på ein visitas, er møte med omsorgssenteret. Det var eit godt frammøte på Eiklund, biskopen heldt andakt og fortalde den ekte historia om bispekrossen som ein gong forsvann, men vart funnen att av ein hund! Det skjedde i Vadheim, for mange år tilbake no. Lærdomen er: Ikkje å misse krossen, men enno meir ha den i hjarta!

At det vart sterk fokus på ombygginga av Hyllestad kyrkje ved visitasen er naturleg, så og på prostikonventet med prestane i Sunnfjord.



NRK hadde nett i den tida fokus på bruk av dei mange kyrkjene, der ein del no vert brukt mindre. Grepert som er gjort i Hyllestad vart godt presentert. Omvisinga i Kvernsteinsparken v. Per Storemyr, vart godt motteke. Også ved dette møtet hadde kyrkjetenar Gunvor Instefjord ei god hand om den praktiske tilrettelegginga, slik ho alltid har! Tusen takk, Gunvor!

Bedriftsbesøket på Havyard, hjørnesteinsbedrifta i Hyllestad, var ein stor suksess, Stor takk til Trygve Solås og dei andre på Havyard, som tok oss med i historia til Havyard, med oppturar og nedturar; og til i dag med optimisme og framtids-tru. Som biskopen skreiv på si fb-side: « en stor og viktig nøkkelbedrift med avansert teknologi som skaper mange arbeidsplasser. Nå bygger man ikke lenger for olje og offshore, men ferger og fiskebåter, interessant og på mange måter imponerende hva man her får til i en skarp internasjonal konkurranse.»

Underteikna, som har vore med ved mange visitasar; denne den femte, synst at besøket på Havyard var det aller beste! Ein er og takksam, for gode stolar bedrifta har gjeve til Hyllestad kyrkje!

Alt kjem til ein ende, også ein visitas. Søndag 2.desember var det visitasgudsteneste i Øn kyrkje. Her deltok songgruppa «Moreld», saman med konfirmantane, som og deltok ved lesingar og bønner. Klokkarar og tekstlesarar var Håkon Giil og Anfrid Misje Åsmul. Også ord-

førar Morten Askvik hadde ei tekstlesing. Koret «Fjordklang» gledde oss på ny med vakker song, musikkinnslag elles: Ine Elise Pedersen - baryton, Matilde Forthun Lekva - kornett og Reidun Porten – kornett. Saman med organisten sette dette eit ekstra fint preg på gudstenesta: Øn kyrkje har framifrå akustikk!

Her bør vere fleire konsertar! Biskopen tala over adventsteksten i Matt.21:» Hosianna, Davids son! Velsigna er han som kjem i Herrens namn! Hosianna i det høgste!» Jesus er han som kom til oss, som kjem når me er samla i hans namn, og som ein gong skal komme igjen. Adventstida tyder at alt ikkje er slutt, men har ein lovnad om ei ny byrjing med han, som har framtida i sine



hender. I visitasføredraget som er trykt i bladet, ønskjer og biskopen velsigning over kyrkje og folk i Hyllestad. Han gav seg og god tid på kyrkjekaffien, som soknerådet v. Unni Systaddal, bad inn til. Vi trur han på ordet om at dette hadde vore innhaldsrike dagar også for han. Takk til dei som kom, biskop Halvor, prost Reidar og kyrkjefagsjef Tore. Vi er takksame for at desse dagane gav oss ein ny kveik, at feststundene kasta glans over dei mange dagar, som og til tider kan vere krevjande. Saman fekk vi i alle høve sjå at tene- sta i kyrkja er viktig, og ber dimensjonar av æva i seg!

Audun Systad

På Øn gravplass kan det bli slutt på å få reservere/tinge grav.

Det er snart 20 år sidan den nyaste delen på Øn gravplass vart teken i bruk. Før gravplassen vart teken i bruk, vart grunntilhøva vurdert slik at ei omgraving av arealet ikkje var nødvendig. Problemet er dessverre at dess lenger mot aust vi kjem i gravfelta, dess større steinar er det i grunnen. Steinane er ofte så store at ein ikkje får dei opp med minigravar, og må bruke stor gravemaskin. Diameteren på den største steinen som er teken opp var minst 100 cm.

Vi kan gravlegge fortløpande med stor maskin, men vil ikkje kome innimellom og ta opp tidlegare reserverte graver.

Dersom kommunen ikkje løyve pengar til omgraving av resten av gravfeltet, vil det raskt medføre at det dessverre blir slutt på anledninga til å få tinge grav

ved sida av gravlagd ektemake. Arealet som må gravast om og få delvis masseutskifting, er 750 m².

Kyrkjevevje varsla kommunen om problemet og konsekvensane i brev av 1.8.2018.

Soknerådet bad deretter om pengar i økonomiplanen for 2019. Overraskande nok har vi ikkje fått melding om at det er løyvd pengar til prosjektet, heller ikkje i 2020. Kyrkjevevje vil difor orientere om at når den gravrekka vi no held på med er «full», vil det frå og med rekka deretter ikkje lenger bli anledning til å tinge seg grav. Ein av kommunestyrerepresentantane har sagt at vi kan bruke dynamitt for å sprengje dei store steinane i grunnen, men det ser ikkje kyrkjevevje på som særleg seriøst framlegg. Å skulle sprengje med dynamitt ved



opptak av tidlegare reserverte graver, ser ein ikkje som eit alternativ.

Irene Fløde

Visitaforedrag ved bispevisitas i Hyllestad

Kjære kyrkjelyd!



Takk ein flott visitas og innhaldsrike dagar. Eg har møtt soknerådet og staben til gode samtalar og drøftingar om strategi. Eg har fått møta kyrkjelyden ved å vera med på 150-årsjubileum i Bø kyrkje og skule- og barnehagegudsteneste og kulturkveld i Hyllestad kyrkje. Eg har møtt kommunen og lærarane og fått omvising på Havyard og i Kvernsteinsparken, eg har vore på Eiklund omsorgssenter, og ikkje minst: Eg har endelig fått sett den mykje omtala ombygginga av Hyllestad kyrkje.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitaforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Reidar Knapstad.

Gudstenestelivet

Gudstenesteoppslutninga er god og stabil i forhold til folketalet. Det er svært bra, fordi det betyr at nye kjem til når eldre kyrkjegjengarar fell frå. Det er og ein sterk indikator på at det har vore rett strategi å leggja dei fleste gudstenestene til Hyllestad kyrkje.

I starten hadde ein jo ein meir radikal ide, å leggja alle gudstenester til Hyllestad, og la Øn og Bø blir nytta berre til gravferder og store dagar, men folket ville det annleis. Eg synes det er flott at folket er glad i kyrkja i bygda, det viser at folkekyrkja står sterkt, og at mange av dykk vil ha ein himmel over livet.

Menneske lever ikkje av brød aleine. Det er som med kvernsteinsdrifta for tusen år sidan. Dei tok ut flest kvernsteinar som skulle mala kornet og gje det daglege brød, men midt blant kvernsteinane tok ein òg ut nokre krossar av det same fjellet. Krossen skulle visa dei at livet var noko meir enn strevet for det daglege brød. Dei hadde ein himmel over livet, ei tru, dei reiste krossar for å minna seg sjølv og andre om at Gud er nær, at Jesus kjem med nåden til oss.

Av same grunn samlast vi til gudsteneste.

Gudstenesta opnar opp for møtet med Gud, der trua kan leva og få næring, der vi kan høyra evangeliet om frelsa i Jesus Kristus. Det er ikkje nok å vita det, vi treng at evangeliet vert sagt til oss, vi treng å høyra det på nytt, å oppleve det på nytt. Det er grunn god nok til å gå på dei vanlege gudstenestene, når det ikkje er ein spesiell dag.

Det er difor kristne til alle tider har samlast på søndagen. For å gje Gud ære og fordi trua treng det, slik vi har høyrt det i preika i dag. Så gå til gudsteneste regelmessig. Og ikkje berre i den næraste kyrkja, men kom til alle kyrkjene i Hyllestad. For den som har bil er det ikkje veldig lange avstandar. Og den som ikkje har bil, kan kanskje få sitte på med nokon?

Hyllestad kyrkje

Hyllestad kyrkje er den kyrkja i Bjørgvin som eg har snakka mest om utan å ha vore der. For den er eit eksempel til etterfølging. De hadde ein radikal og framtidsretta ide om kyrkja og spurde korleis kan kyrkja bli ein god stad for vår tid, for born, unge og familiar. Difor fekk de løyve til å gjera endringar. Og det arbeidet er ikkje ferdig, for ein må stadig spørja: korleis kan kyrkja bli eit bygg som er både sakralt og estetisk og samstundes praktisk og nært. Detaljar står att. Til dømes er tavla med skjerm dominerande og svært stor i forhold til den gamle salmetavla som den skal «matche» på den andre sida. Eg har sett i godkjenningbrevet og der står det: «lerret/skjerm må tilpassast for å sjå mest mogeleg diskret ut.» Her vil eg be dykk om å gjera heile konstruksjonen med tavla og skjermen litt mindre prangande. Ungdomsarbeidet

Det står i visitasmeldinga at ungdomsarbeidet som vart etterlyst på sist visitas gjev grunn til glede i dag. Det er sant. Eg gler meg over at de samlar ungdom annankvar fredag og at Hyllestad kyrkje er blitt ein plass det går an å ha ungdomsklubb. Eg vil gje stor ros til dei som er med å driva ungdomsklubben Solution; og særleg

Hyllestad 27.-29.nov. og 2. des. 2018

til ekteparet Kirsten og Jostein Ryland som har tatt initiativet til klubben. Eg er glad for at dei også fekk heider av lokalsamfunnet i form av Kvernsteinsprisen i fjor.

Eg vil og gje ros for den årlege samlinga Basecamp som samlar 60 ungdomar frå Hyllestad og kommunane omkring, og for at de har tilbod om leiarkurs for dei eldre ungdomane. Det er viktig.

Trusopplæring

De skal og ha skryt for trusopplæringa. De har ein god kyrkjelydspedagog og får mykje ut av dei ressursane de har. De har minikonfirmantar, det er bra for å halda kontakt i ein viktig alder fram mot konfirmasjonen. Og når de på det meste har heile 111% oppslutning betyr det at arbeidet har så godt rykte at mange vil vera med. Utfordringa er at de har ein så liten trusopplæringsstilling og deler kyrkjelydspedagogen med andre.

Vaksenundervisning

Det er flott at de har andre tilbod for vaksne enn gudstenesta. De har samlingar med bøn, song og samtale. Sjølv har eg fått vore med på ein fin kulturkveld. No veit eg at soknepresten har planar om «Tid for tru», kveldar med undervisning og samtale ut frå Filipperbrevet, det er ein god ide som eg synes de skal setja i gang med.

Samarbeidet skulekyrkje

Samarbeid mellom kyrkje og skulen og barnehagen er bra. Eg hadde eit fint møte med lærarane på torsdag, og dei vil gjerne koma i kyrkja når det passar med undervisninga. Det som då trengs er eit årshjul eller ein skule-kyrkjeplan så ein veit når ein skal ta kontakt og planlegga saman.

Diakoni

De har i ein periode hatt diakon på deling med andre sokn. No har de eit felles gudsteneste- og diakoniutval, det er eit godt grep, for alle tiltak i kyrkjelyden har ein diakonal dimensjon. De skriv at det er kontakt mellom kyrkja og flyktingetenesta, og det har vore nokre tiltak. Då vi var der på besøk det vart det sagt at utfordringa no er at dei treng sjåfør til 9-setaren sin fordi det ikkje går buss på kveldstid når flyktingane vil vere med på ymse aktivitetar. I tillegg treng dei leksehjelp. Det går det an å ta tak i.

Misjon

Kyrkjelyden har eit misjonsprosjekt knytt til Det Norske Misjonsselskapet, det er bra. Det er jo også så heldige å ha misjonsselskapet sin leirstad

Alvera nokså nær, og den vil eg oppmuntra dykk til å bruka flittig.

Kyrkjemusikk

Når det gjeld kyrkjemusikken vil eg takka for gode musikkopplevingar gjennom musikarar, kor og solistar både her i Øn og i jubileumsgudstenesta i Bø og ikkje minst på det nye digitale orgelet i Hyllestad. Eg vil takka kommunen for at ein gav ei løyving til kyrkja som inkluderte orgelet. Det er bra at de brukar bygdekor og har konserter og kulturkveldar. De skriv i visitasmeldinga at de håpar at barnekoret Jubel kan koma i gang igjen. Det må vera eit mål å få til, for det er flott å ha eit barnekor.



Strategi

De har tenkt godt om strategi i visitasmeldinga og eg vil gje dykk ros for at de har hatt ein «Visjonær verkstad» og er i gang med å meisla ut dykkar eigen visjon og målsetjingar for åra som kjem. De skriv om utfordringa med å rekruttera frivillige uløna medarbeidarar, at det er lettare å få folk til dugnad på bygningsmessig vedlikehald enn trusopplæring. Det bra at de tar tak i den utfordringa.



Gjevarteneste

Eit av dei viktigaste strategiske grepa de kan gjera er å få i gang gjevartenesta igjen. De hadde ei aktiv gjevarteneste då de hadde diakon. Sjølv om de er flinke med basar og får inn over 50 000 kroner, trengs det økonomiske musklar i ein kyrkjelyd som vil noko, slik som Hyllestad.

No treng de pengar til barne og ungdomsarbeidet og trusopplæringa. Tilskotet til trusopplæringa er lite, det trengs at ein kan leggja noko til for om mogeleg få ein litt større stillingsprosent. Vi skal vera takknemleg for det vi får av stat og kommune og ikkje gløyma å minna dei på kor viktig kyrkja er for eit godt lokalsamfunn, men vi må også venna oss til å gje til eige arbeid. Presten - og fleire med han - må forkynna fram gjevargleda.

No har de ein fast gjevar. Det bør vera eit mål å minst fordobla talet.

Kommunen

Så vil eg gjerne takka kommunen for velvilje og for eit godt møte. Kommunen har dårleg råd, og det forstår eg er vanskeleg. Men når kyrkja berre får 1,4 prosent av budsjettet, så er den delen som går til kyrkja for liten viss ein vil ta vare på dei bygningane som er i forfall. Det må gjerast nød-

vendige tiltak som å reparera tak for å hindra at det vert verre. Dersom dette ikkje vert gjort snart, vert det enda dyrare. Det er berre takka vera dyktige tilsette og at folk har stilt opp på dugnad at det i det heile kan gå rundt. Her har kommunen eit lovpålagt ansvar som de må følgja opp.

I tillegg er det viktig å få til ein god rutine med møte med kyrkjevevja i budsjettprosessen slikt at ein kan få koma med innspel og forklaringar til budsjettet, og slik få til god samhandling.

Takk

Til slutt vil eg takka for ein god visitas med mange gode opplevingar. Takk til alle som har vore med å gjera i stand, ikkje minst sokneprest Audun Systad for heilhjarta og god teneste, soknerådet og staben skal alle ha takk for innsatsen de gjer, og kyrkjevevja og soknepresten skal ha særleg takk for god tilrettelegging av visitasen og for ei opplysende og velskriven visitasmeldinga. Takk også til prost Reidar Knapstad som har vore med å leggja til rette og planlegge denne visitasen. Han har vore med heile vegen og fylgjer opp Hyllestad når biskopen ikkje er her. Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig - fordi det er der de høyrer til, og det er der de får mat for trua.
- Gjer skjermtavla i Hyllestad mindre dominerande
- Set i gang med undervisnings- og temakveldar
- Få på plass eit årshjul for å ta vare på det gode samarbeidet med skulen og barnehagen.
- Få i gang ei målretta gjevarteneste for trusopplæring og barn og unge, og forkynn fram gjevargleda.



Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser herifrå med mange flotte inntrykk frå desse dagane¹. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkje og folk i Hyllestad.

*Bjørgvin bispestol, 2. desember 2018
Halvor Nordhaug*

Referat frå visitas i Hyllestad 27.-29.november og 2. desember 2018



Tysdag 27. november

Visitasen starta med at biskop Halvor Nordhaug, prosten i Sunnfjord Reidar Knapstad og kyrkjefagsjef Tore Skjæveland møtte staben i Hyllestad til stabsmøte og lunsj i Hyllestad kyrkje.

Biskopen fortalde om visitasen og alle i staben fortalde om arbeidet og delte ei glede og ei utfordring.

Deretter var det spørjetime med 8.-10 kl. ungdomsskulen, og mane stoppa igjen for å snakka meir med biskopen. Biskopen hadde møte med kyrkjevevje og soknerådsleiar før møte med Hyllestad kommune ved ordførar Morten Askvik og fungerande rådmann. Det vart snakka om dei store økonomiske utfordringane kommunen har og om at kyrkja er på minimumsnivå, men ei svært lita løyving som gjev lite rom for vedlikehald. Det vart og snakk om samhandlinga med kommunen og at ein ynskte betre høve til å møteast og leggja fram kyrkja sitt budsjett. Bruken av kyrkjene vart og drøfta.

Om kvelden var det Kulturkveld Hyllestad kyrkje leia av soknerådsleiar Jostein Ryland med song av gruppa Moreld, pianostykke, solosong, orgeltonar frå det nye orgelet, kåseri og helsing av biskopen.

Onsdag 28. november

Biskopen møtte flyktningetenesta Leirvik Senter og snakka med tilsette og flyktningane og deltok



i undervisninga. Deretter reiste biskopen og fylgje til Eiklund omsorgssenter i Sørbøvåg der biskopen hadde andakt for bebuarane. Det var prostikonvent med prestane i Sunnfjord og det starta med felles lunsj i Hyllestad kyrkje. Prestane fortalde om tenesta og delte ei glede og ei utfordring og biskopen innleidde til samtale om korleis ein kan bruka kyrkjene. Soknerådsleiar Jostein Ryland som var aktiv i planlegginga av

ombygging presenterte saman med sokneprest Audun Systad «Visjonar og erfaringar ved ombygging og utvida bruk av Hyllestad». NRK Sogn og Fjordane var til stades og biskopen vart intervjuet for fjernsyn og radio om kva ein vil gjera med kyrkjer som er lite brukt. Så var det besøk i Kvernsteinsparken for biskopen og alle prestande, og det var omvising og presentasjon av steinkrossane sin bruk i gudsdyrkinga her vest, ved Per Storemyr ved Kvernsteinsparken og soknepresten. Biskopen og fylgje var på middag hos soknepresten i Sørbøvåg.

Om kvelden hadde biskopen møte med soknerådsleiar før Samrådsmøte med sokneråd, utval, tilsette og frivillige i Hyllestad kyrkje. Prosten leia, og kyrkjefagsjefen heldt opnings-



andakt. Biskopen innleia om visitasen og sine inntrykk frå visitasen og om Hyllestad kyrkje og Hyllestadmodellen før det var samtale ut frå visitasmeldinga:

- Gudstenestelivet: Statistikken er oppløftande, ingen nedgang. Prosentvis langt framfor Bergen Kyrkjesøkinga i S&F er med 1,8 pr medlem den høgste i landet. Grepet med Hyllestad kyrkje er ein del av forklaringa. Har vald å ikkje flytta alle gudstenester til Hyllestad etter lokal motstand. Det er eit generasjonsskifte, annan måte å vera kyrkje på, mange er kyrkjebrukarar heller enn kyrkjegjengarar, går sjeldnare og vel andre samlingar enn gudsteneste, men det er også nedgang for andre organisasjonar som samlar frivillige.
- Det er mange utegudstenester. Det kjem fleire til fjøs(naust) gudsteneste og andre friluftsgudstenester. Bra involvering i gudstenesta. Involvering av lovsongs og bøneteamet.

- Forholdet til kommunen: Må ha betre kommunikasjon. Ein bør ha møter på førehand når ein legg fram budsjettframlegg. Kyrkja er ein ytre etat. Og det kan ikkje ligga under administrasjonen. Soknerådsleiar må få presentera arbeidet for formannskapet. Kyrkjevejestillinga er for liten, det går ikkje an å få nokon til ei kyrkjevejestilling på 25%. Det går no, men ikkje i framtida.

- Gjevarteneste: Biskopen sa at ein pinsekyrkjelyd på 1000 medlemmer ville ha 5 mill. i gjevarteneste. Me i Dnk er vant til å gå til kommunen. Men me treng enno meir enn det me får frå det offentlege, me treng økonomiske musklar. Guds rike består ikkje av bygningar, me treng også midlar til drift. Kyrkjelyden er rik, men pengane er i lommene til medlemmene.

- Kyrkjelege handlingar: Høge tal over 90 % konfirmantar. God oppslutning om gravferd. Dårleg på vigslar.

- Trusopplæring: Har 25% stilling, biskopen er imponert over det ein får til. Minikonfirmasjon er bra. Alle TOL-gudstenester skjer her i Hyllestad. Det er ei positiv foreldregruppe som støttar opp. Kyrkjelydspedagogen får til godt ut over det ein kan forventa av nokon i ein så liten brøk. Stillinga vert støtta av NMS, ikkje sikkert at det kan halda fram, treng gjevarteneste for å sikra stillinga. Det er potensialet i givararteneste. Bygdefolk er positive til det som skjer. Kyrkjelydsbasar får inn 50.000 til trusopplæringa og stillinga.

- Konfirmantarbeid og undervisning: Weekend saman med Balestrand, konfirmantcup i Førde. Det er ein ressurs for kyrkjelyden å ha konfirmantane heile året.

- Laurdagskonfirmasjon: Biskopen sa at det ideelle er på søndag, men mange stader må det vera laurdag fordi det er så mange og for reisetider for gjester. Me er i konkurransesituasjon og må vera imøtekomande der ein kan vera det. Saman med prostens skal ein finna ut kva dag som er den rette for dykk.

- Vaksenundervisning: Flott at ein har hatt samlingar for vaksne og skal i gang med nytt opplegg med Filipperbrevet.

- Samarbeid barnehage/skule og kyrkja: Fungerer godt, men etterlyser plan for samarbeidet.

- Diakoni: Mykje er ikkje vidareførte etter at prostidiakonen slutta i 2015, men det skjer ein del diakonalt arbeid som ikkje er organisert. Det er diakonale utfordringar: aldersheimen Eikelund, flyktningetenesta og å skapa diakonale arenaer som t.d. Har ikkje diakoniplan.

- Misjon: Det er slutt på foreiningane, men det er viktig at misjonsmedvitet vert halde oppe. Viktig at ein støttar opp om Alvera misjonssenter.

- Kyrkjemusikk: Når eit kor syng i kyrkja er det kyrkjemusikk. Det er god strategi få eit slikt kor inn i kyrkja. Ein har fått svært mykje lyd for pengane i el-orgel. Konsertar samlar folk.
- Barne og ungdomsarbeid: det har vore mykje og det er diverre avvikla. Det var klubb 5-7 kl det er ikkje lenger i drift. Trusopplæringa har tatt plassen etter søndagsskule. Familie-samlingar vegen å gå. Barnekor er strategisk lurt, for då kjem mange andre i kyrkja. Ved sist visitas var det mange tilbod. No er det ingen.
- Uløna medarbeidarar: Ta vare på dei frivillige. Tenk langsiktig rekruttering.
- Ungdomsarbeid: Det er flott med ungdomsklubben Solution med ca 10-20 og helgesamlinga Basecamp med ca 60 deltakarar, 15 med ansvar og 45 deltakarar.
- Informasjonsstrategi: Fint kyrkjelydsblad. Elles brukar ein Facebook og gudstenesteplakatar.
- Kyrkjene: Dårleg vedlikehald tidlegare gjev utgifter no. Utdordringar med vedlikehald og låge løyvingar.
- Strategi: Biskop sa at Visjonær verkstad var eit godt tiltak. Ein må stilla spørsmål: er det noko me gjer som me ikkje treng og noko me ikkje gjer som me kunne starta med.



Torsdag 29. november

Biskopen hadde samtale med soknepresten før adventsstund for barnehagen i Hyllestad kyrkje ved soknepresten og kyrkjelydspedagog Torill Lange som snakka om jul og advent. Biskopen snakka med borna til slutt.

Det var lagt inn bedriftsbesøk på verftet Havyard der biskopen og fylgje fekk orientering om drifta og historia, møte med leinga, lunsj og omvising på anlegget og ferjer under bygging. Det var skulegudsteneste for Hyllestad skule i Hyllestad kyrkje. Soknepresten snakka om tema venskap



og elevar deltok, biskopen snakka med elevane til slutt.

Det var møte med lærarane på Hyllestad skule og det var samtale om skule-kyrkjesamarbeidet som fungerer godt, men det vart etterlyst ein plan og eit årshjul.

Om kvelden var det jubileumsgudsteneste i Bø kyrkje der tidlegare prestar deltok og biskopen preika over Jesu tale i synagogen i Nasaret – dette vart oppfylt medan de hørde på, frå Luk 4, 16-22. Det var songinnslag med songgruppa Balsam og etterpå var det foredrag om Bø kyrkje si historie ved Håkon Haukøy, helsingar frå tidlegare prestar og ordførar og servering av marsipankake m.m. bak i kyrkja.



Søndag 2. desember

Visitasgudstenesta var i Øn kyrkje. Biskopen talte over dagens tekst om inntoget i Jerusalem frå Matt 21, 10-17 og forretta nattverden. Prosten og soknepresten hadde liturgien og både konfirmantar, ordføraren og fleire deltok med lesing. Det var song av songgruppa Moreld og koret Fjordklang og musikkinnslag. Etter gudstenesta heldt biskopen sitt visitasforedrag før det var kyrkjekaffi.

Tore Skjæveland



KONFIRMANTLEIR ALVÆRA

januar 2019



Tidleg på 2000-talet tok kyrkjelydane Balestrand og Hyllestad til å ha felles leir på Alværa. Den gongen samarbeidde prestane Karl (Hyllestad) og Audun (Balestrand), om det tiltaket. Om ikkje kvart år, så mange år, har det vore felles leir. Så kom Lavik og Bjordal/Ortnevik med. Prest Andreas – og kyrkjelydspedagog Toril, som dekker eit stort område, vart med som leiarar, og så var ein brått mange.

I år var det helga 18.-20 januar, ei fin og snørik helg, der leiren gjekk av stabelen. 27 konfirmanter til saman dette året, ein litt mindre flokk enn elles. Toril måtte melde pass, då sjukdom kom på, men ho overlet eit godt utarbeidd postløp til leiarane. Sidan Andreas no er i Gaular som vikar, var ikkje han med i år, men vi fekk ekstra forsterkning frå Balestrand, så der var Kjetil (pest) med, og kona hans, Rut Solveig, og konfirmantmor og lærar, Gunn Berit, trådde til. Begge bidrog mykje på den musikalske fronten. Audun var med frå Hyllestad.

Vi hadde Bli-kjent-kveld fredag. Laurdag var det Jesusfilm, postløp og fine aktivitetar ute. På gudstenesteverkstaden øvde ein på bibeldrama om Barrabas og Jesus. Fleire var og med på song og på gitar som vart framført på gudstenesta søndag. Takk til foreldre som stilte opp som nattevakter, og hadde med kaker til kyrkjekaffien! Veldig kjekt!

Det var mykje leikar og underhaldning på leiren. Også ei fin bønnevandring ute i snøen, der ein kunne lese bibelvers, og tenne lys.

Det var taco laurdag kveld, med feststemning over seg. jenter held tale til gutane og omvendtskikkelg artig!

Konfirmentane vart kjent med nye frå andre stader, og gav uttrykk for at det var ei fin helg. Litt springing på romma høyrer med, men ein må



berre seie at dette var ein fin gjeng å ha med på leir!

På gudstenesta søndag fekk vi høyre om då Jesus døydd i staden for Barrabas og oss alle! Kjetil tala over Jesus sin død for oss, og kva det har å seie. I Jes. 53 v.4-5 står det:

Sanneleg, våre sjukdomar tok han, vår smerte bar han. Vi tenkte: Han er ramma, slegen av Gud og plaga. Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.»

Kven skal styre kyrkja vår?

Den 9. september er det val på nytt sokneråd, og fram til 30.april kan du påverka kven som skal stå på lista over kandidatar.

Forslag til kandidatar til soknerådet kan meldast til nominasjonskomiteen i Hyllestad sokneråd ved Odd Takle innan 15. april 2019. Medlemer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2019 fyller 18 år, kan veljast.

Alternative lister

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomité som skal setje saman ei valliste. Vallista må ha representantar frå alle delar av soknet. Det er i tillegg høve for andre å levere inn eigne kandidatlistar innan fristen 30.april 2019. Forslag til kandidatlistar skal vere underskrivne av 10 røysteføre medlemer. Kontakt kyrkjekontoret for å få vita krav til kva opplysningar som skal vera med om kvar kandidat. Alle kandidatlistar skal ordnast i prioritert rekkefølge (ikkje alfabetisk). Kandidatlistar bør om mogeleg ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år. Når det er tid for å velja, vil alle kandidatar på lista få ei røyst kvar dersom veljaren set kryss framfor namnet til kandidaten. Ein kan òg føye til opptil tre namn. Dersom det er fleire vallister vil det òg vera mogeleg å overføra namn frå ei liste til ei anna.

To val

Kyrkjevalet finn stad 9. september 2019, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på fire leke medlemer av bispedømerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet. Medlemene av bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemer i Kyrkjemøtet, det høgste organet i Den norske kyrkja. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og fylkestingsvalet og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemer av kyrkja vil få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan røysta.

Kva gjer soknerådet?

Hyllestad sokneråd har ansvar både for soknerådsoppgåver men også for dei oppgåvene som i kommunar med fleire sokn, ligg til fellesrådet. Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna miljø og rettferd, gudstjeneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien.

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

Her er nokre eksempel på ansvarsområda til soknerådet:

- Dåpsopplæring, kyrkjemusikk og diakonal teneste (omsorgstenesta i kyrkja)
- Gudstjenester og ofringar
- Samarbeid med frivillige og kommunen
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden
- Røystar på tre av dei leke kandidatane til bispedømerådet/Kyrkjemøtet
- Uttalar seg ved tilsetjing av prest, prost og biskop
- Administrasjon og økonomi
- Tilset og har arbeidsgjevaransvar for stillingar som blir løna av soknerådet
- Lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisning
- Drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegarder

Det er 6 leke medlemer i Hyllestad sokneråd. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. Soknepresten er fast medlem av rådet. Når rådet handsamer saker som tidlegare vart handsama av kyrkjeleg fellesråd, møter ein representant valt av kommunen.

Soknerådet møtest 2–4 gonger i halvåret. Dei aller fleste som sit i eit sokneråd, opplever at vervet ikkje krev mykje av fritida deira. Medlemene er valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemer syner, at eit stort fleirtal både trivst og opplever det som meningsfylt å sitja i soknerådet. 85 prosent av rådsmedlemene synest vervet var meir eller om lag så tilfredsstillande som dei hadde forventat.

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du medverkar til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert ein del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan syta for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan syta for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreerfaring som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv.

Kjelde: kyrkja.no/val

Fasteaksjonen, 9.april 2019



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Ta vel imot konfirmantane og soknerådet når dei kjem på døra di med FASTEBØSSA!



Hawo si hjelpande hand

Etter at mamma og storebror døydde har 12 år gamle Hawo tatt over mykje av det daglege ansvaret for familien. – Aller helst vil eg bli sjukepleiar. Fordi eg ønsker å hjelpe andre. Smilet sit eit stykke inne, men det er likevel ein vaksen mildskap i blikket til Hawo. Ei blanding av sjenanse, og opplevingar ingen unner eit barn. For få år sidan, ho hugsar det så godt, levde ho med mor og far, fem brør og ei syster. Eit enkelt, men godt liv som nomadar ute i det golde ørkenlandskapet i Puntland i Somalia. Det var før regnet slutta å kome. Sesong etter sesong. Før geitene dei levde av byrja å døy, eitt dyr om gongen. Før dei sjølv vart utmagra. Før Hawo mista mamma og deretter storebror. Han var berre skinn og bein, og då han vart sjuk makta ikkje kroppen meir.

Livreddande vatn

– Vi har ingenting. Men vi kom hit for at vi ikkje skulle døy, sier Hawo med lav stemme. Ho fortel at dei vaksne bestemte at storfamilien måtte kome seg til provinshovudstaden Garowe. Hit til flyktningleiren Jilab 3, der nye klimaflyktningar strøymar til kvar einaste dag. Frå 2010 til 2012 vart Somalia ramma av den mest alvorlege tørka på 60 år og hungersnau- den tok livet av nærare 260.000 menneske. Ifølgje FN er 2.6 millionar somaliarar i dag på flukt, hovudsakleg frå tørke, men òg frå konflikt.

Dei har mista stort sett alt, men heldigvis syter Kirkens Nødhjelp for reint vatn her i leirane. Det er helt avgjerande for å unngå vassbårne sjukdomar som kolera – og for at folk skal kunne overleve under dei særskrevjande tilhøva. Dei daglege turane til ein av vasspostane, er det Hawo som står for. I tillegg lagar ho mat, vaskar kle, passsar småsøsken og held reint i og utanfor det enkle teltet. Etterpå gjer ho mykje av det same også for tanta som bur i ein annan flyktningleir 20 minutt gange unna.

Eitt av dei beste

– Hawo er eitt av dei beste barna som fins. Ho er framleis så ung, men gjer alt av husarbeid, også mange ting vi ikkje treng å be henne om. Ho er ærleg, og gjer mykje heilt på eige initiativ,

eg trur at ho kan bli ein god gründer, seier Fadumo Abdinur Hirsi (60) og klappar kjærleg på tantebarnet sitt.

– Eg vil vere ei flink jente. Eg ønsker å hjelpe andre, og om eg får jobb på eit sjukehus kan eg hjelpe mange. Og kanskje gje ballar til barna, så dei har noko å leike med. Det har eg lyst til, seier Hawo.

Avhengig av hjelp for å hjelpe For at Hawo og andre skal få reint vatn trengs det hjelp frå mange norske frivillige. Folk som ikkje er på flukt, men som har engasjement, slik som Hawo, og eit ønske om å hjelpe menneske i ein særskrevjande situasjon. Kvart år er tusenvis av frivillige med på å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom Fasteaksjonen. Det er nettopp desse pengane som gjorde det mogleg å levere reint og trygt vatn i Somalia. For Hawo og fleire tusen andre flyktningar har dette vore livsviktig hjelp.

I år òg skal frivillige over heile Noreg vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv, rundt om i verda. Du òg kan bidra når konfir- mantane og soknerådet i **Hyllestad** skal gå frå hus til hus med fastebøssa i årets **FASTEAKSJON 9.April**

GJEVARTENESTE

– var eit av tema som biskop Halvor Nordhaug, trekte fram i visitasfødret sitt i Øn kyrkje søndag 2. desember 2018.

«Vi skal vera takknemleg for det vi får av stat og kommune og ikkje gløyma å minna dei på kor viktig kyrkja er for eit godt lokalsamfunn, men vi må også venna oss til å gje til eige arbeid. Presten - og fleire med han - må forkynna fram gjevargleda.»



Til slutt i føredraget kjem biskopen med ei rekkje utfordringar som ei oppsummering av visitasen. Eitt år etter visitasen ber biskopen om ei tilbakemelding om korleis det har gått med utfordringane. Siste punkt er som følgjer:

- Få i gang ei målretta gjevarteneste for tru-sopplæring og barn og unge, og forkynn fram gjevargleda.

I dag har vi ein familie som har fast gjevarteneste. Vi håpar at fleire kan sjå verdien av eit godt dåpsopplæringsarbeid – barne og ungdomsarbeid og gje ein fast månadleg sum.

Du kjenner truleg til at du får skattefrådrag på 23% av gåva du gir til Hyllestad sokn, dersom

gåvebeløpet i løpet av året er mellom 500 – 40 000 kr. Både gåver gitt fast kvar månad og einskildgåver gir skattefrådrag. Loddkjøp kan ikkje reknast som gåvebidrag og gir ikkje rett til skattefrådrag.

Skatteetaten krev at alle gåver blir innrapportert saman med ditt personnummer. Vi hand-samar personnummeret konfidensielt og vil aldri utlevere det til andre.

Hyllestad sokneråd takkar hjarteleg for små og store gåver og minner om bankkontonummeret til barne- og ungdomsarbeid:

3705. 30. 96396

Inspirerende kyrkje- og misjonsdag på Alværa Misjonssenter

I år var temaet «Den gode samtalen». Sjukehusprest, Karl Hjelmeland, meistra å få til ein god dialog med forsamlinga i tråd med undertittelen «Frå monolog til dialog». Bakgrunnen for at områdeutvalet hadde sett opp dette temaet var at mange opplever at det ville vere fint med meir plass for spørsmål og samtale i kyrkja. Karl Hjelmeland sitt opplegg handla om kvifor det er viktig

med dialog, bibelske førebilete, kva som kjenneteiknar den god samtalen og i kva samanhengar i kyrkja og i kvardagen vi kan finne rom for denne. Gjennom dagen var det som vanleg mykje piano- og gitar-musikk, salmar frå ulike deler av verda og gudstenestefeiring i lag med ungdommane på leiarhelg. Ingvald Andersen Frøyen har i fleire år leia gudstenesta med keltisk liturgi. Han vart

takka for inspirasjon og samarbeid gjennom mange år. Vi gler oss over at han framleis vil vere mellom oss som sokneprest i Førde.

Noko av det viktigaste med kyrkje- og misjonsdagen er kanskje for mange å treffast, dele erfaringar og oppleve fellesskapet. Vi håpar mange vil komme att om eitt år!

*Områdeutvalet i Ytre Sogn
Sissel Sørebo*

Krevjande for Alværa misjonssenter



Alværa misjonssenter har sidan 1982 vore den sentrale leirstaden i Ytre Sogn. Bygget er eigd av Det Norske Misjonsselskap (NMS), men har vore nytta av kyrkjelydar og andre grupper frå heile fylket. Det er i hovudbygningen 13 soverom med 57 sengeplassar, møtessal for 60 personar og peisestove med plass til 40. I tillegg kjem 2 hytter med 4 sengeplassar i kvar. Senteret ligg svært idyllisk til ved fjorden.

NMS har – som andre misjonsorganisasjonar - eigd eit stort tal med bygningar. Når inntektene til misjonsorganisasjonane dei siste åra har gått nedover, har ein måtta sjå på kva rolle bygningsmassen spelar i totaløkonomien. Eigedommar har vorte selde for å betre driftsresultatet. Det er almen semje om at hovudorganisasjonen ikkje kan dekke underskot i eigedomsforvaltninga. For å endre på dette samla landsstyret i NMS alle eigedommane sine i eigedoms-

avdeling (2009) og deretter i eit eigedomsselskap (2017). Dette for å få betre kompetanse i eigedomsforvaltninga, få betre økonomisk oversikt og få avkastning på eigedomskapitalen. Når det gjeld Alværa, er konsekvensen at misjonssenteret må ha ei drift som går med overskot. Som ved andre leirstader, er lønskostnadane den største utfordringa. Med dei inntektene som Alværa har hatt den seinare tida, har NMS eigedom fastslege at det ikkje er grunnlag for å ha meir enn ei 20% stilling knytt til misjonssenteret. Som ei følgje av dette er dagens styrar oppsagt.

Utan nokon fast tilsett på Alværa vil det vere ei stor utfordring å drifte Misjonssenteret vidare. For tida er ei lokal gruppe i samtalar med NMS Eigedom for å finne ut av moglege løysingar.

NMS Eigedom ser positivt på alle lokale initiativ. Skal Alværa misjonssenter også for framtida

kunne vere ein god leirstad for NMS og kyrkjelydane i regionen, er det nok naudsynt med ei sterkare lokal styring og lokalt engasjement. Det vil alltid trengast ein stor dugnadsinnsats og eit vesentleg samarbeid med andre lokale aktørar når det gjeld overnatting og trong for selskapslokale. Denne utfordringa vil ei lokal styringsgruppe arbeide med framover.

Geir Sørebo



Hjelp oss å gjere kyrkjegardane / gravplassane finare



I tillegg til stell av eigne graver, er det to måtar du kan hjelpe oss med å gjere gravplassane finare.

Det er å tinge oppussing av gravminne, innhogging av nye namn, eller nytt gravminne via kyrkjekontoret. Vi formidlar desse tenestene og får provisjon for dette. Denne provisjonen ønskjer vi å bruke til å gjere gravplassane finare.

Oppussing av gravminne og innhogging av namn.

Vi formidlar kontakt med ein skrifthoggar som kjem til Hyllestad vår og haust. Festar av grav er ansvarleg for

at gravminnet ikkje er til forfall. Skrifta skal vere godt leseleg. Det står ein del gravminne som kunne ha fått oppfriska skrifta. Ved innhogging av nytt namn, kan skrifthoggaren flytte gravminnet til midt mellom dei to gravene, der vedtektene seier at det skal stå.

Formidling – sal av gravminne.

Etter gravlegging skal det gå seks månadar før gravminne kan setjast opp.

Vi har knytt kontakt med eit firma om formidling av sal av gravminne. Nergård Steinindustri er eit gammalt familiefirma som held til på Møre.



Dei produserer/lagar alle gravminna sjølve.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt

litt annleis så ordnar dei det. Kyrkjekontoret vil ha katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/>

For begge formidlingane tek du kontakt med Aslak Åm Sognnes tlf. 97 58 32 90 (operativt frå 26. mars)

KONFIRMASJONAR

2019:

Hyllestad kyrkje 28.april:

Lise- Malene Boge
Astrid Eiken Flage
Lars Emil Hovland Siljander
Robin Avedal Skaar
Jakob Sognnes Solheim
Tor-Emil Thorsnes Solstad
Henrik Øen

Bø kyrkje 12.mai:

Jardar Kjos
Marte Ness
Kaja Isabel Lavik Wilson

Glede og sorg

Døypte: Hyllestad:

Linnea Herstad Kolgrov
Leah Helgerud Akse
Noah Nordstrand

Øn:

Daniel Helgås Høydal
Viljar Espedal-Torvund
Sigurd Huseklepp Hatlem

Døde: Bø

Gunnhild Engesæter, f.1926
Ingfred Gerhard Bøe, f.1922
Olga Regine Mjell, f.1929

Hyllestad

Kåre Berge, f.1942
Margit Konstanse Lylund, f.1937
Alfred Johan Dale, f.1934
Alfred August Ekreskar, f.1936
Kjellaug Strandos, f.1938

Øn

Jan Eide, f.1942
Olga Henriette Inderøy, f.1928

Sunnfjord Gravferdsbyrå



*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord

Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr
år) med annonser til fylgjande
prisar:

Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggingsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no



HAVYARD

Improving life at sea

SPAR



Hyllestad

ÅPEN 09-20 (18)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere **din bustaddraum!**

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjektleiing



Ryland Bygg

6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no

Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no og på facebook

MARS

10. Hyllestad	kl. 11:00	AS DEN NORSKE ISRAELSSMISJON (VED BESØK)
17. Hyllestad	kl. 16:00	Fam.samling/gudst. (årssamling) TRUSOPPLÆRINGSARBEIDET
24. Hyllestad	kl. 16:00	AS m.fl. Samtalegudst m. konf. Hyllestad og Lavik ALVÆRA MISJONSSENTER

APRIL

7. Hyllestad	kl. 11:00	Minikonf. avslutning /Fam.samling/gudst. TRUSOPPLÆRINGSARBEIDET
12. Hyllestad	kl. 19:00	Maria Magdalena. SoFt Sogn og Fjordane teater
14. Palmesøndag. Ikkje gudsteneste.		
18. Bø	kl. 11:00	Skjærtorsdag. Mali misjonsprosjekt
19. Øn	kl. 11:00	Langfredag KIRKENS SOS
21. Hyllestad	kl. 11:00	Påskedag. Mali misjonsprosjekt
22. Eiklund	kl. 11:30	2.Påskedag.
28. Hyllestad	kl. 11:00	Konfirmasjonsgudsteneste. KYRKJELYDSARBEIDET

MAI

5. Øn	kl. 11:00	gudsteneste. KYRKJELYDSARBEIDET
12. Bø	kl. 11:00	Konfirmasjonsgudsteneste. KYRKJELYDSARBEIDET
17.mai: Hyllestad	kl. 11:30	Festgudsteneste, FJORDKLING deltek
30.mai: (Kristi himmelfartsdag): Hyllestad	kl. 16:00	Fam.samling/gudst) TRUSOPPLÆRINGSARBEIDET

JUNI

2. Alværa	kl. 11:00	Gudsteneste i samband med Alværastemne (Felles reise frå Hyllestad?)
9.juni: Hyllestad	kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste. 50-årskonf? KYRKJELYDSARBEIDET
23.juni: Øn kyrkje	kl. 11:00 (evt.16:00)	Mali misjonsprosjekt
30.juni : Bø	kl. 11:00	KYRKJELYDSARBEIDET

INFORMASJON

Returadresse.

Kyrkjekontoret

Lifjordvegen 7

6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2015 – 2019

Faste medlemer:

Brit Inger Skaar
Jostein Ryland
Unni Systaddal
Marion Olga Brendehaug
Steinar Urnes
Odd Takle

Varamedlemer:

1. Reidun Skår
2. Joakim Systaddal
3. Rune Risnes
4. Olaug Brendsdal

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Brit Inger Skaar - Mobiltelefon: 909 90 437

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no